

TRETTESTØLANE STØLSKOST og KULTUR



Trettestølane ligg 24 km frå sentrum i Ål, på snaufjellet - 1.000 m.o.h. Ta av Rv7 og køyr opp Liagardane og innover åsen, og du ser Hemsedalsfjella mot nord og Hallingskarvet i vest. Her er det aktiv stølsdrift om summaren med mjølkeproduksjon på 6 stølar tett ved kvarandre. Tre stølar har gått saman om å ta imot grupper på 30 - 45 personar, med guiding frå støl til støl, der du kan få sjå inn i stølsbuene, og kanskje oppleva dyllekoking og prøvesmaking. Dugurdsbord med stølskost står dekkja i ein lavvo. Kulturinnslag om "Blakka i uvêret", toradarspel, sang og historier. Dette varar ca. 3 timar, vanlegvis frå kl.11.30.

Me tek imot grupper på 30 - 45 personar.

Enkeltpersonar kan delta saman med gruppene etter avtale.

Pris kr. 300,- pr. person

Sesong 15. juli - 10. september

Ta kontakt med Sigrid Guri Roen,

Liagardane, 3570 Ål

tlf. 971 75 935 / 32 08 55 23

Etter nærmare avtale kan kjentmann fylgje bussen frå bygda til fjells.

Ei spesiell oppleving!



Dugurdsmat

Vassgraut med mjølk og prim, asningskaku, stølssmør, ferskost, spikjipølse, kvikaku, lappar, fløyteprim, rumme, surystil, dylle, ystilkrem eller byggrynskrem med raud saus. Kaffi og saft

Alternativ meny:

Rummegraut m/spikjimat, flatbrød og saft.
Kaffi, lappar, fløyteprim, rumme, syltetøy

Medlem i Hallingkost
og Budeienettverket i Hallingdal
Sjå www.hallingkost.no



Foto: Ole Johs. Brye/aks/april 2011

